

Vår referanse	2021/4863-3
Dato	12.02.2021
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632
Epost	endre.korsoen@vlfk.no


Alver kommune

Lerøy Vest AS - Søknad om ny plassering av fôrflåte for anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 11687 Ramsvik i Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad av 11.02.2021 frå Lerøy Vest AS om ny plassering av fôrflåte på lokalitet 11687 Ramsvik i Alver kommune.

Noverande anlegg består eit kompakt stålanlegg med 8 bur på 25 x 25 meter med integrert flåte i anlegget.

Selskapet søker no om å fortøya ein separat fôrflåte ved sida av stålanlegget, for å erstatte flåten som er integrert i anlegget, slik som vist i kartet under.



Lokalitet 11687 Ramsvik er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 2500 tonn. Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 24.10.2012. Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse eller arealbruk for stålanlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 2500 tonn.

I kommunedelplan for Knarvik- Alversund med Alverstraumen ligg omsøkt areal for ny plassering av

fôrflåte i område avsett til akvakultur. Fortøyinga til fôrflåten vil delvis gå inn i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Lerøy Vest AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet:

